

VEDTEKTER FOR ARTEMIS RÅDGJEVING AS

1. SELSKAPET SITT FORETAKSNAMN

Selskapet sitt foretaksnamn er Artemis Rådgjeving AS. Selskapet er eit aksjeselskap og skal ikkje registrerast i Verdipapirsentralen.

2. FORRETNINGSKONTOR

Selskapet har forretningskontor i Flora kommune.

3. SELSKAPET SI VERKSEMD

Selskapet si verksemd er: Rådgjeving og tenester innan eigedoms- og arealforvaltning, herunder rådgjeving/tenester innan forvaltning- drift og vedlikehald av grunneigedom/bygning, grunnverv, eigedomsregister, organisering/adm. av fagområder, fysisk planlegging, andre tenester som høyrer naturleg inn under dette og å kunne investere i andre selskap.

4. SELSKAPET SIN AKSJEKAPITAL

Selskapets aksjekapital er kr 100.000,00, fordelt på 100 aksjar pålydande kr 1.000,00.

5. STYRET

Styret i selskapet skal ha frå 2 til 5 styremedlemmer. Viss styret har 2 medlemmer, skal det vere 1 eller fleire varamedlemmer. Medlemmene i styret er valt for 3 år om gangen.

6. ORDINÆR GENERALFORSAMLING

Ordinær generalforsamling skal haldast kvart år innan seks månader etter utgangen av kvart rekneskapsår. Innkalling til generalforsamling skal sendast seinast ei veke før møtet skal haldast. Innkallinga skal bestemt nemna dei sakene som skal handsamast. Forslag om å endre vedtektene skal refererast ordrett i innkallinga. Aksjeeigarane kan la seg representere på generalforsamlinga ved fullmektig med

skriftleg fullmakt.

På ordinær generalforsamling skal følgende saker handsamast og avgjerast:

- Godkjenning av årsregnskapet og årsmeldinga, herunder utdeling av utbytte.
- Andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer under generalforsamlinga.

7. OVERFØRING AV AKSJER OG VILKÅRA FOR HANDEL MED AKSJER

Aksjane i selskapet kan overdragast. Ervervaren av ei aksje skal straks sende melding til selskapet om sitt aksjeerwerb.

Erwerb av aksjar er knytt til eit samtykke frå selskapet. Det høyrer under styret å avgjere om samtykke skal gjevast. Samtykke kan berre nektast når det ligg føre sakleg grunn for det. Samtykke kan ikkje nektast ved eigarskifte ved arv eller på annan måte når ervervaren er personlege nærståande til tidligare eigar eller slektingar i rett opp- eller nedstigande line. Styret skal elles nekte samtykke viss ervervaren ikkje oppfyller vilkåra i lova eller vedtektene for å vere aksjeeigar.

Er ervervaren ikkje gitt melding om at samtykke er nekta innen to månader etter at melding om ervervet kom inn til selskapet, ser ein på samtykke som gitt.

Viss styret nektar å gje samtykke, gjeld reglane i aksjelova § 4-17.

8. FORKJØPSRETT

Forkjøpsrett til aksjar følgjer reglane i aksjelova.

Florø, 08.03.2007